

Inn på tunet -løftet



Planting. Foto: istock.com/Hawpoint



Apple. Foto: istock.com/Copyright



Josevenn. Foto: istock.com/Sil



Laking. Foto: istock.com/

Rettleiar for val av
Inn På Tunet-tilbydar



Statsforvaltaren i Vestland

Rettleiar for val av Inn På Tunet-tilbydar

Pilotprosjektet Inn på tunet-løftet Vestland har utarbeidd eit enkelt vurderingsverktøy for kjøp av Inn på tunet-tenester. Vurderingsverktøyet kan brukast når ein skal velje mellom fleire gardar, men også for kvalitetssikring der ein berre har ein aktuell Inn på tunet-gard. Skjemamet er tenkt som eit supplement til meir formelle prosessar.

Offentlege innkjøpsordningar vektlegg i stor grad økonomi, formell kompetanse og praktiske tilhøve. Vi har særleg sett behov for kartlegging av Inn på tunet-bonden sine personlege eigenskapar og garden sine kvalitetar, sett opp mot ulike brukargrupper. Dette er i mindre grad målbart, og det er viktig at fleire personar deltek i arbeidet.

Ved ei god matrise vil ein lettare kunna sjå og samanlikne, velje ut kva som er viktig og relevant og sikre den totale kvaliteten.



Snekring. Foto: Olavsgard

Det kan gjerast ei vurdering av om det er hensiktsmessig å bruke eit skjema per tilbydar i innkjøpssamanheng. Om denne matrisa skal brukast som eit hjelpemiddel ved innkjøp, kan den både brukast for å avklare om tilbydarar er aktuelle som leverandørar eller den kan brukast til å vurdere tilbydarar opp mot kvarandre. I det siste tilfelle må ein tenke gjennom korleis vektinga skal gå før seg. Både pluss- og minuspoeng kan brukast. Pris og kostnader er ikkje med i matrisa, og må lagast i eit eige dokument.

Andre forhold som er knytt til sikkerheit og kvalitet er tatt med

her. Tema som det er ønske om å belyst kan også leggst inn i skjema om det er ønskeleg. Det

er også råd å velje bort enkelte tema. I og med at mange av vurderingane som blir gjort ikkje er målbare, er det viktig at fleire enn ein sakshandsamar i kommunen deltar i utveljinga.

Ei vekting ved bruk av tal kan vere ein måte, da scoren er summen av alle enkeltvurderingane.

Høgast score kjem då best ut av undersøkinga.

Vekting kan sjølvsagt blir gjort på fleire måtar, t.d. pluss for «relevant» og minus for «ikkje relevant». Det viktigaste blir å markere relevante kriterium for vidare oppfølging.

Om fleire tar del i disse vurderingane, er det viktig med ein gjennomgang av skjema slik at forståinga av kva som skal vurderast er likt oppfatta og vurdert. Spesielt er dette nødvendig når det gjelder vurdering av bonden som tilbydar. Det bør tas stilling til om

kva som er relevant kompetanse både når det gjelder føremål- og realkompetanse. I et anbud må dette spesifiserast, drøftast og dokumenterast skriftleg slik at ein unngår tvetydigheiter.

Både intervju og observasjon er viktige metodar for kunne komme nær en fullgod oversikt over kvaliteten på tilbudet. Når tema målgruppe er tatt med er det som en påminning om at dette er viktig å ha i bakhovudet når ein intervjuar og vurderer dei ulike områda. Ved ei IPT anskaffing er det nødvendig å avklare og bestemme kva gruppe av brukarar som skal ha dette tilbudet før ein går i gang. Ved ei eventuell anskaffing og prosess kring dette, må skjema kun vere eit hjelpemiddel. Ved utarbeiding av en

Olavsgard. Foto: Olavsgard



kravspesifikasjon kan denne sjølvstendig vere til nytte, men det er viktig å vurdere formuleringar slik at misforståingar vert unngått. Igjen er dette særleg viktig rundt temaet bondens kvalifikasjonar.

Tilbydaren/bonden/familien
Mange tilbydarar vil ha god og relevant utdanning og nokre kan vere etablert i yrke der kompetanse kan kombinerast eller nyttast i oppfølgingsarbeidet med brukarane. Annan yrkeskompetanse er derfor også sett på som viktig i denne samanhengen.

Motivasjon for å arbeide med brukarar er viktig å vurdere.



Høner. Foto: Framnes gard

Uavhengig av utdanning og formalkompetanse må det også være avgjerande for utveljinga korleis samarbeidsevne,

formidlingsevne, engasjement og haldingar til aktuelle målgrupper vert opplevd eller vurdert. Kor mange familiemedlemar som skal engasjerast i oppfølgingsarbeidet og korleis dette skal organiserast er viktig å gjennomgå og ikkje minst korleis familien sin personalmessige sårbarheit i ein slik setting vert opplevd. Med dette meiner vi at innan helse- og sosialt arbeid må alle innan tenesta vurderast på sjølvstendig grunnlag og at ein tenker at det til tider kan være tøffe tak og stort ansvar som kviler på den enkelte.

Punktet om haldningar og kva idear (ideologi) tilbydarane har, kan vere avgjerande. Her får ein fram mykje god refleksjon rund dei faglege tema. Her vil ulike haldningar også komme i fokus. Med ideologi meiner vi at det kan ligge positive haldningar bak driftsform som t.d. økologisk drift. Formidling av dette kan ha ein god oppdragande effekt.

Garden

Dette er eit viktig punkt. Produksjonen på garden gjenspeiler høve til allsidigheit. Behovet hos ulike brukarar kan spenne frå dag-aktivitetstilbod til arbeidstrening

og yrkesopplæring. Dette kan vere viktig for brukarane sine seinare yrkesmuligheit. Allsidig produksjon kan derfor ha stor betydning, men ikkje nødvendigvis vere avgjerande.



Landskapppanorama. Foto: Kari E. des Bourvrie

Muligheit for opplæring vil vere ulikt i det enkelte konsept og korleis dette kan brukast. Husdyrproduksjon, hestehald, hagebruk, utmarksnæring, tradisjonar i landbruket, konservering, matlaging og grad av mekanisering er av betydning og som vil gi ulik muligheit for opplæring. Her er det også viktig å få fram kva som er gjort når det gjelder KSL og HMS. Matmerk si godkjenning må vere avgjerande for utveljinga. Denne kan sjølvstendig bli følgd opp seinare.

Geografi

Her tenker vi først og fremst på lokalisering og muligheit for tilkomst. Transport (også for rørslehemma) og avstand til meir tettfolka område er forhold som må vurderast. Enkelte brukarar vil sjå på avstand og reisetid som barrierar.

Også terreng og muligheit/avgrensingar dette gir for bevegelse og fremkommeligheit. På den eine sida vil nokre brukarar ha trong for fysisk fostring/trening for å halde seg i form. Der vil terrengvariasjonar ha ei positiv betydning. For rørslehemma kan dette bli ei barriere og høve for tilrettelegging må derfor vurderast og drøftast.

Demografi

Ikkje nødvendigvis eit viktig punkt, men å sjå på bygdeforhold og naboskap som viktig og som kan ha betydning for kva den enkelte brukar vil møte, er nyttig å vurdere. Er det høve til å sjå føre seg utvikling av

klapping av høne. Foto: istock.com/Nadin Tambasova



relasjonskompetanse i denne sammenhengen? Stigmatisering i lokalmiljøet kan vere ei utfordring.

Målgrupper

Dei fleste punkter er ikkje eit sjekk-punkt, men meir noko som bør leggast til grunn for korleis garden og bonden kan nyttas.



Gresskarutstilling. Foto: istock.com/Evgenii And

Personar med psykiske lidningar og/ eller rusproblematikk vil ha god nytte av IPT-tilbod. For desse gruppene kan arbeidstrening og yrkesopplæring i stor grad føre til arbeid i ordinært arbeidsliv. Også personar med utviklingshemming kan få høve til utvikling innan Grønt Arbeid. Nyare metodar for tilsetjing i arbeidslivet i tilrettelagt arbeid, er moglegheiter for denne gruppa (sjå Helt med-metoden). Grupper av innvandrarar/ flyktingar vil også ha nytte av IPT som ein del av eit introduksjonsprogram og integrering. For traumeutsette

grupper vil tryggleik som IPT gir vere verdifullt som en del av tilbodspakka.

Det er avgjerande kva yting som gir den enkelte livsopphald og kva status den enkelte har i NAV/ kva teneste den enkelte har høve eller rett til. Dette vert avklart med NAV i kvart enkelt tilfelle.

Tilbydarane si forståing og kunnskap om korleis det offentlege tenesteapparatet fungerer er viktig kunnskap etter kvart som prosessen om eventuell oppstart av IPT vert vidareført. Det må i alle tilfelle reknast med noko opplæring.

Kvalitet

Alt i alt vil eit besøk til den enkelte aktuelle tilbydar gi eit inntrykk som er viktig å ta med



Rekneskap. Foto: istock.com/PeopleImages

vidare i utveljinga. Magefølelsen etter eit besøk kan vere viktig,

men ein gjennomgang av det som er registrert og snakka om er vesentleg. Skriftleg dokumentasjon i heile prosessen vil gjere vurderinga etterretteleg og solid. Openheit rundt vurderingane er nødvendig.

Pris

Kostnad knytt til dei ulike tilboda må vurderast opp mot innsats i form av forbrukt arbeidstid. Om tilbydar ikkje er fulltidsbonde må ein gjerne vurdere kjøpet som eit deltidstilbod eller vurdere andre sin innsats, t.d. familiemedlem, som relevante.

For ein fulltidsbonde kan det vere reelt å rekne ut kostnader som tapt annan arbeidsinntekt. Mange forhold må bli vurdert opp mot kor innhaldsrikt tilbodet er ønska å vere.

Prisvurderinga bør også blir sett i lys av innsparinga i andre tenester. Ikkje berre konkrete innsparingar i ulike kommunale tenestetilbod, men også den innsparinga som følger av betre fungering i heim og fritid. Ikkje minst vil vidareføring til tilsetjing i ordinært arbeidsliv gje ein betydeleg samfunnsgevinst.

TEMA	Tilbydar 1		Tilbydar 2		Tilbydar 3		
Geografi	+/-	Kommentarar	+/-	Kommentarar	+/-	Kommentarar	Relevans
tilkomst, transport							
avstander og infrastruktur							
terreng							
framkomelegheit							
treningsaspektet							
Demografi	+/-	Kommentarar	+/-	Kommentarar	+/-	Kommentarar	Relevans
bygdetilhøve							
naboar							
relasjonar i lokalsamfunnet							
integrering							
Målgrupper							
psykisk helse							
rus							
utviklingshemming							
kognitiv svikt og demens							
fysisk funksjonsnedsetting							
barn							
språktrening/integrering							
Kvalitet	+/-	Kommentarar	+/-	Kommentarar	+/-	Kommentarar	Relevans
totalinntrykk							
kvalitetskontroll							

Bakgrunn for rettleiaren – erfaringar frå praksis

Denne rettleiaren er laga under prosjektet Inn På Tunet løftet 2, i eit samarbeid mellom Lene Borgen Waage i Bømlo kommune, Tone Smørdal i Stad kommune, Ragna Flotve hos Statsforvaltaren i Vestland og innleigd rådgjevar Rune Hove Hansen.

Korleis kan kommunar og andre innkjøparar arbeide med å velje tilbydarar i Inn På Tunet?

Erfaringar om dette er henta frå praksis ved Nav Arbeidsrådgiving og Nav tiltaksenhet i Hordaland. Desse kontora hadde som oppgåve å bygge ut fleire typar tilbod til personar med ulike psykiske helseutfordringar. Noko av dette gjekk ut på å finne fram til tilbod innan IPT som var tenleg i denne samanhengen.

For å få en oversikt over aktuelle tilbydarar, var det eit samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland.

Her var det allereie frå tidleg

2000-talet etablert kontakt med Landbruksavdelinga om IPT.

For å finne løysingar på den finansielle sida ved oppretting av IPT-tilbod, hadde Nav øyremerka midlar som skulle brukast mot personar med psykiske helseutfordringar. Dette blei initiert gjennom «Nasjonal Strategiplan for Arbeid og Psykisk Helse» (frå ca. 2007). Som eit midlertidig tilbod til personar under «attføring» eller oppfølging av NAV, blei tiltaket Arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS) vald. Dette er det same tiltaket som no er forkorta til AFT (Arbeidsførebuande trening). Dette er midlar som kan brukast i tiltaksbedrifter som er godkjent av NAV til oppfølging av personar med ulike helseproblem/utfordringar, og som trenger tid, avklaring og trening for å kome tilbake til arbeid eller utdanning.

Løysinga måtte derfor bli å lage ein samarbeidsmodell der IPT-tilbydaren blir ein

«underleverandør» til aktuell tiltaksbedrift. Tiltaksbedriftene er lokalisert fleire stadar i fylket, og alle kommunar er difor dekkja. Det er såleis høve til å spreie dette tilbodet til alle deler av fylket. Denne modellen vert supplert med at den som er behandlar også er ein aktuell samarbeidspart. Ansvaret blir derfor ikkje altfor tyngande for tilbydaren som har den daglege kontakten med brukaren. Korleis oppfølginga skal vere, vert avtalt i kvart enkelt tilfelle.

Denne IPT-løysinga som NAV initierte, var den som i «Nasjonal Strategiplan for Arbeid og Psykisk Helse» fekk namnet «Grønt Arbeid».

Kva så med iverksetting av tilbod?

I distrikta var det eit hovudkriterium som ville gjelde; lokalt NAV måtte ha eit behov og vere interessert i å ha eit Grønt Arbeidstilbod. Den lokale tiltaksbedrifta

fekk også uttale seg. Vidare måtte det vere ein villig tilbyder i det aktuelle distriktet. Kartlegging av godkjente tilbydarar vart gjort i eit samarbeid med Fylkesmannen/ Statsforvaltaren, men det kom også opp tips frå lokalmiljø og lokalt NAV om «gode bønder» som allereie hadde et samarbeid med NAV. I enkelte område var det mange aktuelle og villige tilbydarar.

Kva er viktig å vurdere når vi ønsker å iverksette avtalar med IPT-tilbydarar?

Og kva er viktig å vurdere ved utveljinga? Som hovudregel bør fleire personar ta del i utveljinga. NAV Arbeidsrådgiving praktiserte opp til tre rådgivarar med ansvar for dette, men i tillegg var det ein representant for det lokale NAV-kontoret med i utveljinga.

For å lette arbeidet med å vekte ulike tilbod på en god måte, blei det laga ei hukseliste eller vurderingsskjema. Her blei det lista opp ei rekke moment som det var viktig å vurdere.

Her blei det også gjort vurderingar som KSL/Matmerk ikkje hadde som godkjenningsskriterium på den tida.

Føljande hovudpunkt i skjema var:

- Tilbydaren/bonden/familien
- Garden
- Geografi
- Demografi
- Målgrupper
- Kvalitet

Ulike forhold knytt til utfordringar hos aktuelle brukarar fekk sjølvstort stor vekt når desse tema vart belyst og vurdert.



Potetplukking. Foto: P.Tubaas, Vestlandmedia

Under kvart av hovudpunkta blei fleire underkriterium vurdert.

For å systematisere og vurdere desse punkta opp mot kvarandre og å kunne skilje mellom fleire tilbydarar, blei det laga ei matrise der horisontal linje skisserte den enkelte tilbyder og loddrett

linje dei enkelte områda som var viktige å samanlikne. På denne måten blei det gitt skår eller poeng til tilbydarane. Dette vart kun brukt internt som eit arbeidsverktøy.

På denne måten blei tilbydarane i nokre distrikt i Hordaland vald ut. I dei samanhengane der regelverk for offentlege anskaffing gjeld, vil denne rettleiaren vere til stor hjelp for å løfte opp dei særtrekka ved IPT som er aktuelle å ta med i ein kravspesifikasjon. Her må vi sjå på korleis uttrykk kan brukast for å få ei felles forståing av omgrepa, for eksempel omgrepet «tilbydar» som vi forstår som «leverandør».

Kontakt:

Ragna Flotve
Statsforvaltaren i Vestland
fmhorfl@statsforvalteren.no

Publisert 2022